



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 2 | HAUST | 2017 | 93. ÅRG.



Skaparverket er ikkje til sals!

Med god grunn er denne overskrifta framlegg til ei av fleire tema.

Gudsenste hausten 2017 når dei evangelisk lutherske kyrkjene marker at det er 500 år sidan reformasjonen.

Naturen er i utstrakt grad blitt ei handelsvare som dei rikaste kontroller: landareal og mineralar, fisk og dyr, vatn og skog. Handelen kjenner ingen grenser, set natur og miljø i fare når nøysemd vert byta ut med grådighet. Mengda av søppel som driv på land ved kysten vår er eit døme på at bruk og kast gjer skade på naturen og samfunnet. Vårt levesett har vorte eit trugsmål mot jorda. Den rike verda sitt overforbruk råkar særleg dei fattige og trugar livsgrunnlaget for generasjonar i framtida. Menneske vert drivne bort frå heimane fordi ressursgrunnlaget ikkje lenger gjer det mogleg å leve der. Andre si jakt på fortjeneste fører til endringar i klima og ressurstilgang. Klima vert forandra raskt, økosystemet vert truga, mangfaldet av artar minkar, jord og vatn vert forureina.



Vi menneska eig ikkje jorda og alt ho rommar, men er sjølve ein del av skaparverket. Som Guds forvaltarar treng vi ein reformasjon i haldning og handling. For ei kyrkje som lovsyng Gud for alt det vakre han har skapt, er vegen kort til å ta aktiv del i klimakampen. Kyrkjer kring om i verda har på ny sett verdien av å halde fast på trua på Gud som skaparen av himmelen og jorda. Forteljinga først i Bibelen om Gud som skapte himmel og jord, er vel kjent. I det gamle testamentet finst ei rekkje takkesalmar som lovsyng Guds stordom og skaparkraft, slik som i Salme 33, 6-7:

*«Ved Herrens ord vart himmelen skapt,
heile himmelhæren ved pusten av hans munn.
Han samla havvatna i eit kar,
la havsens djup i forråd.»*

Grunngjevinga for lovsongen kjem tydeleg fram i vers 4-5:

*«For Herrens ord er sant,
alt han gjer er til å lita på.
Han elsker rettferd og rett,
jorda er full av Herrens miskunn.»*

Skaparverket er hans, vi kan ikkje røve det og by det fram til sals. Å synge slike lovsongar til Gud som har skapt alt og som elsker rettferd og rett, forpliktar til å verne om og forvalte naturen. Sterke krefter trugar verda Gud har skapt. Vår rikdom og vårt overforbruk av ressursane i verda skaper store sår. Lovsongen til Gud gjev kraft til å stå på det gode si side, i ei verd der naturen blør og dei fattige vert råka av dei rike sitt overforbruk.

Reidar Knapstad, prost i Sunnfjord





Attende nokre meter frå gammal arbeidsplass

Ingvild Loftheim er nok eit kjent andlet for dei fleste av kyrkjebladet sine lesarar. Denne sommaren tok ho til i ei 20% prosjektstilling på kyrjekontoret, der ho skal arbeide med gravplassadministrasjon og oppdatering av gravregisteret. Prosjektperioden er sett til tre år.

Kvifor ville du begynne i denne stillinga?

Etter snart 49 år i 100% jobb i Skatteetaten vart det på nytt omorganisering i etaten og arbeidsplassen som eg no hadde i Dale i Sunnfjord skal leggest ned 1. mars 2018 og flyttast til Førde. Eg stod då overfor valet å pendle til Førde eller å pensjonere meg. Resultatet blei alderspensjonist.

Då eg såg at det vart utlyst 20% prosjektstilling i tre år fann eg ut at eg ville søke og var så heldig å verte tilsett i den.

Vi forstår at dette ikkje er eit nytt lokale for deg, men at du har arbeidd her tidlegare. Kan du seie litt om det?

I august 1968 begynte eg i jobb på Askvoll likningskontor og folkeregister som då hadde kontorlokale her i det gamle kommunehuset (Heradsheimen).

Etter å ha vore 13 år i Førde på likningskontoret der, gjekk ferda tilbake til Askvoll i 1995 med arbeidsstad Askvoll likningskontor og folkeregister i kontorlokale på kaia (Rådhuset).

Skatteetaten si omorganisering medførte flytting av kontoret i Askvoll til Dale i Sunnfjord / Fjaler distriktskontor – så med andre ord er eg no kome tilbake i dei lokala som eg starta i.

Korleis likar du arbeidet på kyrjekontoret så langt?

Ved folkeregisterarbeid registrerer ein «frå voga til grav», så no er arbeidsoppdraget oppdatering av gravregisteret. Noko av dette er manuell registrering, men det meste føregår på data.

Her på kyrjekontoret er eg ein dag for veka og har ikkje lagt bak meg så mange arbeidsdagar enno.

Så no i første omgang er det stort sett ein opplæringsperiode, men med god støtte frå dei gode arbeidskollegane håpar det skal gå bra.

Du har, som du seier, nyleg vorte pensjonist. Har du nokre spesielle planar framover i det nye tilveret?

Eg vart pensjonist 1. juli 2017, så det har eg ikkje hatt tid til å tenkje på enno!



Konfirmantane i Askvoll 2017



HOLMEDAL KYRKJE 30. APRIL

Bak frå venstre: Nikolai Stenseth Langeland, Nikolai Fauske Rivedal, Sigrunn Vik, Anna Vårdal Heggøy.
Framme frå venstre: Maya Håkegård Johnsen, Linnea Skarstein, Helene Rivedal Eimhjellen.
Prest: Stein Hugo Fykse. Foto: Jan Audunn Rivedal.



BULANDET KAPELL 20. MAI

Bak frå venstre: Bård Nikolai Norheim, Tarje Blom, Isak Hatlø.
Framme frå venstre: Lisa Tysse, Hedda Kristine Fedøy Tusøy, Lady Pearl Pacot, Thea Leonora Thomassen.
Prest: Stein Hugo Fykse.
Foto: Gunnvor Finset Fedøy.



KVAMMEN KAPELL 21. MAI

Silje Myklebust Løvseth
Prest: Stein Hugo Fykse Foto: Silje Awesome.





ASKVOLL KYRKJE 7. MAI

Bak frå venstre: Reinis Ansis Strautins, Brage Haugen, Petter Rivedal Ask, Nikolai Nordeide Kjørvik, Robert Landøy Nilsen, Mathias Ask Fonn, Daniel Kvamme.

Framme frå venstre: Ida Aarseth, June Isabelle Penny Lindgren, Malene Ask Svellingen, Kathrine Olset Ask, Lisa Margret Persdottir. **Prest:** Erling Nydal. **Foto:** Mona Rivedal.



VILNES KYRKJE 13. MAI

Bak frå venstre: Malin Thorsnes Herland, Sofie Krumsvik, Martine Olset, Camilla Hugøy,

Kai Espen Løkeland Jenssen. **Framme frå venstre:** Einar Arne Tviberg Norstrand, Ingrid Herland, Mathias Kjørvik Vilnes, Frode Saltskår. **Prest:** Stein Hugo Fykse. **Foto:** Toril Alisøy.



Skapleg

Eg likar skap.
Men ikkje skap det.

Gå ikkje inn i skapet
og lås di dør.

Lag nye skap,
opne skap i ope lands-skap
med nye, lyse rom
og mykje reinsa luft.

Lat milde vindar fly
med angen frå i går
og orda frå i dag.

Skap eit ekte skap;
Vart, vakkert vennskap.

Sigurd Wahl Sande
Frå: Over motbakkene er himlen alltid blå.

Nyhetsbrev frå kyrkjelydens misjonsprosjekt: På andre siden av gjerdet



Hjemmet til morfar Tun. Kirken ligger bak muren til høyre.
Foto: Jeed Phochan.

170 kroner i pensjon

I Thailand får alle over 60 år en liten pensjon fra det offentlige, men det er bare 170 kroner i måneden. Det strekker ikke langt, så morfar Tun overlever stort sett av matrester og ting han finner i søppeldunkene i området.

– Uten penger er du ingenting i Thailand, jeg er vant med at folk overser meg og ser ned på meg, fortalte han. – Jeg er nærmeste nabo til kirken, men det er ikke mange som bryr seg.



Misjonær Jeed og Tun.

Ny familie

– Jeg har blitt glad i morfar Tun, selv om han i begynnelsen luktet vondt og folk kalte ham for søppel. Vi har pratet mye sammen og blitt godt kjent med hverandre. Jeg fikk lov til å vaske ham, og flere ganger har han vært med familien min på tur. Når jeg ber for ham, renner tårene fra øynene hans.

– Du er familien min nå, sier han.

Neste liv

– Morfar Tun kaller meg for datteren sin, og en dag sa han at han håpet at jeg skulle bli hans ekte datter i hans neste liv (budhistisk tankegang om gjenfødelse).

– Vi har bare dette livet, Jesus har gjort alt og betalt vår skyld. Det har han gjort av kjærlighet. Han er glad i meg og han er glad i deg. Jeg tror ikke det er tilfeldig at vi skulle møtes, sa jeg, og fortalte masse om Jesus.

Den dagen tok Tun imot troen og ble et Guds barn. Neste søndag stadfestet han det samme i kirken, - på andre siden av gjerdet!

Tun har bodd mesteparten av livet i et lite skur utenfor gjerdet og utenfor samfunnet. Folk har ropt etter ham og kalt ham for søppel. Nå har han møtt Guds kjærlighet og fått en ny familie.

– Første gang jeg traff ham satt jeg bare ved siden av ham: Jeg smilte og han smilte tilbake, forteller Jeed Phochan, misjonær for NMS i Nordøst-Thailand, og fortsetter, – etter en stund begynte vi å prate litt. Han fortalte hva han hette og hvor gammel han var. Navnet var Tun og han var 71 år gammel. Han hadde ingen familie, foreldrene ble skilt da han var liten og han vokste opp med moren inntil hun døde. Etter det hadde han levd alene.

Jeg kalte ham Da Tun, noe som betyr morfar Tun, selv om han ikke har barn eller barnebarn. Det er en vanlig måte å tiltale eldre menn på i Thailand, forklarer Jeed.



Morfar Tun.

Tekst: Jeed Phochan og Eivind Hauglid
Foto: Jeed Phochan og Olav Skjerpe

Presten Rasmus Håskoll

i krigsåra i Askvoll

Jeg er datter av Rasmus Håskoll som var sokneprest i Askvoll i årene 1939 til 1949, og som var prest under 2. verdens-krig, som for Askvolls vedkommende var en hard og dramatisk tid for menighet og prestefamilie med begivenhetene som førte til at min far med familie ble forvist - som det het - ut av Askvoll og «internert» d.v.s. begrenset til å være innen den lille Håskollbygda i Volda.



Borghild og Rasmus Håskoll på dåpsdagen til Leiv, født februar 1942 og Petter, født november 1940. Askvoll prestegård 1942.



Tvillingene Liv og Torunn, født august 1945.

Firda Folkeblad omtaler forvisningen 30. april 1946 i en artikkel om «Dyrlækjar Slåttelid» og «kva tiltalen går ut på». Her står det om en aksjon mot Håskoll: «Den 8. mars 1942 skreiv Slåttelid til minister Schanke og melde sokneprest Håskoll for å halde tendensios preike i jøssingånd og for å ha lese opp for kyrkjelyden rundskrivet frå bispem, og deretter Quisling sitt rundskriv og kommandarane til desse». Han la til at han hadde ført opp «Håskoll som jøssing nr. 1 i Askvoll». Avisen føyer til: «Saka vart undersøkt». Det vil si at min far ble innkalt til Bergen til forhør og tortur, men slapp fra det med livet i behold. Håskoll fikk 800 kroner i bot og «vart avsett og vist ut av grensesone vest».

TELEGRAFVERKET.	
Telegram	
T.må. fra Skår Askvoll.	
L.må.	
Sokneprest Håskoll	
Volda.	
17 mai	
Kom og hald Gudsteneste	
Flokenes.	

Telegrammet til far fra fredsdagen i 1945.

8. mai 1945 sluttet 2. verdenskrig for Norges del. Et telegram som tilkjennegav at krigen var slutt ble sendt til far, og han ble bedt om å komme tilbake til Askvoll. Jeg tror det ble sendt akkurat 8. mai. Telegrammet er kortfattet, uten dato med teksten: «Kom og hald gudsteneste 17. mai. Flokenes».

Mine foreldre kom som nygifte til Askvoll i 1939. Far hadde vært stiftskapellan og fiskeriprest i Nord-Hålogaland bispedømme i 10 år og mor var håndarbeidslærerinne.

I august 1939 kom de til vakre Askvoll. Alvoret kom fort med krigen i 1940 - med de begivenheter og hendinger som utspant seg i Askvoll under krigen, som også ble til alvorlige utfordringer for presten som krevde standpunkttagen og engasjement. Det endte med at far ble forvist, først til Ullensaker, og så til Håskollbygda. Alt de eide ble værende igjen. Fremtiden var uviss.

I Volda drev far hjemgården, et småbruk og var i gang med nydyrking da freden og telegrammet fra Skår i Askvoll kom. Straks dro han med min mor og mine to små brødre tilbake til Askvoll. Lagrede møbler ble kjørt tilbake til prestegården. Ingenting var blitt borte i løpet av krigen og alt kom på plass. Det var glede. Freden var vel ventet - for tillit til fremtiden må mine foreldre ha hatt. 20. august hentet far jordmoren - og to jenter så dagens lys. Den ene var meg. I tillegg til min søster Torunn, ble min bror Petter født i 1940 og min bror Leiv i 1942.



Antekelig fra begravelsen til Just Finne og Anton Hagerup, som ble skutt ned i fly ved Stavenes. Tyskerne beordret militær, tysk begravelse, men Rasmus Håskoll brukte på eget initiativ norsk rituale.

Tiden i Askvoll fikk stor betydning for mine foreldre og fortellingene fra Askvoll har preget vår families historie. Selv om jeg ikke har opplevd krigen - er jeg og mine søsken som etterkrigsbarn oppvokst med krigens beretninger fra Askvoll. Askvoll huskes og følger meg hvert år. Mor sydde sitt eget norske flagg da de flyttet

som prestefolk til Askvoll i 1939. Det flagget har vi alltid brukt siden. Flagget er på en side litt fillete. Det kommer av at flagget ble lagt på kista til en av de omkomne fra Askvoll, som ble fraktet hjem til Bulandet i en åpen MTB, der vinden pisket opp flagget til filler. En matros holdt min 5-årige bror opp mot vinden og sa: «Denne turen skal du alltid huske!». Det har han gjort, og tanken har gått til Askvoll hvert år når vi heiser flagget 17. mai.



Begravelse i Askvoll kirke.

Liv Håskoll Haugen

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

www.fjordan.no

epost: post@fjordan.no

Lindbøen 2

6809 Førde

Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42

6900 Florø

Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster

Telefon


57 73 02 95



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Ver ikkje urolege!
seier Jesus.



Finn namn på 8 ting med hjul!

Åtte ting med hjul er gøymde inni rutenettet
under. Namna står bortover og nedover.

K	V	I	T	T	I	B	O	B	B
O	M	R	U	L	L	A	T	O	R
S	K	Y	B	O	A	R	D	R	M
K	A	L	L	I	F	N	U	G	O
O	M	P	A	P	A	E	L	G	P
M	O	S	K	I	K	V	A	L	E
S	K	A	T	E	B	O	A	R	D
I	S	K	D	A	I	G	O	M	P
S	Y	K	K	E	L	N	U	B	I
O	R	U	L	L	E	S	T	O	L
T	A	T	A	T	R	U	D	E	L

- Pappa, er det sant
at tante Magda syng for
dei innsette i fengselet
kvar søndag?
- Ja, guten min. Det er
ein del av straffa.

Vitsar

Det vesle tusenbeinet
hadde falle og slege hol
på alle bukseknea sine.
Men mor sette berre på
ein tusenlapp.

Finn 5 feil

Teikningar: Ziyue Chen

Jesus lærte folket om Gud.

Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**





Lokal subsidiering av kremasjonsavgift i Askvoll

Askvoll sokneråd vedtok i juni i år å innføre ei ordning med subsidiering av kremasjonsavgift med inntil kr. 5000,- for avlidne som vert kremert. Når avlidne som var folkeregistrert busett i Askvoll vert kremert må dei etterlatne betale ei kremasjonsavgift til krematoriet. I snitt ligg ei slik avgift på om lag kr 3 000,- her i landet. Det kan opplevast urimeleg at det offentlege dekker alle kostnader til sjølve kistegravlegginga, mens dei etterlatne må bere kostnaden til kremasjon. Med subsidieringsordninga i Askvoll får ein såleis sikra meir økonomisk likestilling av gravferdsformene. Om lag ein firedel av gravplassforvaltningane eller kommunane landet har innført ei lokal subsidieringsordning.

Kremasjon som gravferdsform vert stadig meir vanleg i Noreg. På landsbasis låg kremasjonsprosenten i 2016 i snitt på 41%, opp frå 34% ti år tidlegare. I landkommunar med relativt lang veg til krematorium ligg kremasjonsprosenten betydeleg under dette. T.d. i Askvoll ligg kremasjonsprosenten på under 3%.

Det er fleire samfunns- og forvaltningsmessige fordelar om kremasjonsprosenten aukar. Det langsiktige arealbehovet for gravplassar vert redusert og driftskostnader til gravearbeidet vert reduserte.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

Praktikant i soknet skuleåret 2017/2018

Hilde Gunn Bråstad (18 år) frå Kvammen skal vere praktikant i Askvoll sokn dette skuleåret. Etter at ho tok ungdomsleiaropplæring (LIV-kurs) i fjor, skal ho no ut i praksis. I hovudsak skal Hilde Gunn hjelpe til i konfirmentarbeidet, men ho skal og ta del i anna trusopplæringsarbeid. Hilde Gunn vert presentert for kyrkjelyden på gudstenesta i Kvammen kapell 24. september.



Avskjedskonsert

I samband med at Anton Proskurnin skal slutte som organist i soknet, vert det skipa til ein avskjedskonsert i Askvoll kyrkje onsdag 25. oktober kl. 19.00. Programmet og oversyn over musikarar er enno ikkje ferdig, men vil verte kunngjort seinare.



Sikring mot Bakkeelva

Denne hausten har ein endeleg komme i gang med arbeidet med å sikre Bakkeelva for å førebyggje moglege flaumskadar på elveskråninga og gravplassen. Det skal byggast ei ny mur i elveskråninga ved bårehuset. Denne vert forlenga 25 meter samanlikna med muren som står der i dag. Lenger oppstraums i «flaumlandet» oppover mot brua vil det verte lagt ut stein for å erosjonssikre området. Norsk vassdrag- og energidirektorat yter tilskot til dette sikringsprosjektet. Arbeidet skal etter planen vere ferdig til desember.





Konfirmasjonsgudstenestene

Våren 2018

Holmedal kyrkje	29. april	kl.11.00
Askvoll kyrkje	06. mai	kl.11.00
Vilnes kyrkje	12. mai	kl.11.00
Værlandet kapell	19. mai	kl.10.00
Bulandet kapell	19. mai	kl.12.00
Stongfjorden kapell	20. mai	kl.10.00
Kvammen kapell	20. mai	kl.12.00



*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen
som leverer alt av blomster
i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.

Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

17. september kl.11.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane ved Stein Hugo Fykse. Offer til KFUK/KFUM Sogn og Fjordane.

08. oktober kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

29. oktober kl.11.00

Gudsteneste m/dåp ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

12. november kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjeblad.

19. november kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

17. desember kl.17.00

Adventgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Sjelesorgsenteret Modum Bad.

24. desember kl.16.00

Julaftangudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens Nødhjelp.

31. desember kl.16.00

Minnegudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Ikkje offer.



VILNES KYRKJE

24. september kl.19.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjeblad.

15. oktober kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kumle bedehus.

05. november kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

03. desember kl.17.00

Adventgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Vilnes kyrkje.

24. desember kl.14.00

Julaftangudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens Nødhjelp.



HOLMEDAL KYRKJE

10. september kl.19.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane ved Audunn Systad. Offer til Holmedal Bedehusklubb.

01. oktober kl.11.00

Gudsteneste m/dåp ved Audunn Systad. Offer til Holmedal kyrkje.

26. november kl.16.00

Gudsteneste m/dåp ved Audunn Systad. Offer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

10. desember kl.15.00

Adventgudsteneste ved vikarprest. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25. desember kl.12.00

Høgtidsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydsarbeid.



KVAMMEN KAPELL

24. september kl.11.00

Gudsteneste m/dåp og presentasjon av konfirmantane ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

29. oktober kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kyrkjeblad.

19. november kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Søndagsskuleforbundet.

24. desember kl.16.00

Julaftangudsteneste ved vikarprest. Offer til Kirkens Bymisjon.



BULANDET KAPELL

08. oktober kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Bulandet kapell.

05. november kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Den Indre Sjømannsmisjon.

03. desember kl.11.00

Adventgudsteneste ved Audunn Systad. Offer til Redd Barna.

24. desember kl.12.00

Julaftangudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens Nødhjelp.



STONGFJORDEN KAPELL

25. desember kl.19.00

Høgtidsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens Nødhjelp.

GUDSTENESTER I VÆRLANDET BEDEHUSKAPELL

03.09. kl.10.30 v/Magnar Hellesøy

05.10. kl.10.30 v/Magnar Hellesøy

17.12. kl.17.00 v/Magnar Hellesøy

Kyrkjelege handlingar



DØYPTE 2017

ASKVOLL KYRKJE

07. mai Lady Pearl Pacot
04. juni Klara Mjanger Furevikstrand
09. juli Theodor Strømmen

VILNES KYRKJE

13. april Ludvik Veselga Iversen
25. juni Sigve Sund Gryttingslien

BULANDET

18. juni Eline Råheim Landøy
16. juli Aksel Fedøy

HOLMEDAL KYRKJE

06. august Jonas Vasseth Antonsen



VIGDE 2017

ASKVOLL KYRKJE


03. juni Hanne Mjåseth og Frank Vagstad Eimhjellen
17. juni Amalie Susanne Berstad Isene og Eirik Myrstad
01. juli Lise-Mari Mullen og Vegard Nordeide Grytten
05. august May Elisabeth Engen og Ole Andreas Myrstad

HOLMEDAL KYRKJE

19. august Sara Marie Solheim og Håkon Solheim

KVAMMEN KAPELL

29. juli Anne- Line Larsen og Rune Magnar Gjelsvik



GRAVLAGEDE 2017

ASKVOLL

02. mai Einar Abrahamsen f.1943
05. mai Ingvar Loftheim f.1955
23. juni Benny Alida Henden f.1929
01. august Ragnhild Grane f.1920
02. august Emmanuel Roshan f. 2017
17. august Astrid Grane f.1928
22. august Martha Arny Konstanse Kimsås f.1929

HOLMEDAL

16. mai Margot Helle f.1928
09. juni Sverre Rivedal f.1923
11. juli Reidun Strand f.1927
18. juli Sigfridur Vik f.1920
18. august Inger Lise Vårdal f.1944
29. august Olbjørn Arild Tangedal f.1932

VILNES

05. september Agnar Jostein Heggøy f.1935

BULANDET



20. april Harald Tysse f.1958

GJELSVIK

19. mai Jon Kåre Hestvik f.1958
12. juli Jan Magnar Bjørndal f.1933
13. juli Torkel Mjåseth Kvammen f.1979
25. juli Arvid Leknes f.1930

STONGFJORDEN

08. juni Ragnhild Wiik f.1936
05. juli Kåre Paul Stafsnes f.1924
27. juli Magnus Kveldulv Vadset f.1932



4-årsboka og 6-årsboka

4-årsboka og 6-årsboka blir delt ut i same gudstenesta

Alle 4-åringane og 6-åringane i Askvoll sokn blir invitert til ei gudsteneste for å motta kyrkjeboka. I gudstenesta får borna høyre ei forteljing frå Jesu liv.

Saman med boka er det eit arbeidshefte med spennande oppgaver.

Bøkene blir delt ut desse datoane og stadane:

Kvammen kapell	24.september kl.11.00
Holmedal kyrkje	01. oktober kl.11.00
Bulandet kyrkje	08. oktober kl.11.00
Vilnes kyrkje	14.oktober kl.11.00
Askvoll kyrkje	29.oktober kl.11.00
Stongfjordingane	blir invitert til denne gudstenesta.

Håpar du kjem for å få boka!
Invitasjonsbrev blir sendt ut.



No kan du betale for
kyrkjebladet på sms
Send **BLAD** på
sms til **2380**
(200 kr)



DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll

KONTAKT OSS



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjevevje

☎ 479 60 319
✉ kyrkjevevje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjesekeæææ

☎ 918 74 724
✉ kyrkjesekæææ@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE
Sokneprest

☎ 909 60 154
✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no



ANTON PROSKURNIN
Organist

☎ 482 32 977
✉ organist@askvoll.kyrkja.no



INGVILD LOFTHEIM
Prosjektmedarbeidar

☎ 459 72 419
✉ konsulent@askvoll.kyrkja.no

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: post@askvoll.kyrkja.no

Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no

Facebookside: www.facebook.com/kyrkjaaskvoll



Kontortid: tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

Beredskapstelefon: 954 83 152 ved akutt behov for prestatjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte 909 38 382